

## **Referat frå elevrådsmøte 19.11.24**

### **Frammøtte**

**2. Sander Martin og Aron**

**3. Sebastian og Vilja**

**4. Jonar og Ailo**

**5. Julie og Annabella**

**6. Sara og Kasper**

**7. Olav og Mathias**

### **Miljøretteiar Malin**

Vi hadde ein saksliste som vi gjennomgjekk. Vi snakka blant anna om vennebenken og kva vi skulle gjere om vi såg nokon sitte på benken. Der svarte elevane at dei skulle gå bort og spørje om dei ville vere med å leike. Dei gjekk og spurte om det gjekk bra med dei, og om dei hadde nokon å vere med. Det kjem og fram at nokon ikkje veit kor benken er, eller aldri har høyrte om den før. Nokon seier også at det sjeldan sit nokon der, og av og til er bere elevar der med vennene sine på gøy.

Vi snakka også om fotball i friminuttet, då dette er ein plass det skjer mykje. Elevane seier at dei trur bråket på fotballbana kjem av at ingen deler ballen. Og at ikkje alle får lov til å vere med. Det er også elevar som snakkar stygt der, og blir sinte når dei kjem på lag som dei ikkje er fornøgd med. Her snakka elevane om at dette var veldig dumt, og at dei som ikkje klarar og akseptere laga dei kjem på, ikkje burde fått vere med. Dei meiner og at det hadde blitt mindre bråk om alle hadde blitt flinkare til å sentra til kvarandre, og at laga vart trekt og ikkje tilfeldig delt inn. Dei ynskjer heller ikkje store mot de små. For å unngå bråk, seier dei at dei vaksne bør vere der og følgje med og dømme. Dei som ikkje er på bana for å spele fotball, heller ikkje treng å vere der og øydelegge for dei andre.

Småsteget meiner også at litt av bråket kunne vert unngått om mellomsteget fekk moglegheit til å spele på krøllgrasbana i lillefri også. Då unngår dei kranglar og konflikter med dei.

Reglar dei ynskjer skal vere gjeldande er : innkast, corner, straffe, frispark og keeperball. Dei ynskjer og at det skal bli einigheit for kampen om det skal vere flygekeeper (kor keeper er med å speler), eller om det er den bakarste på laget til ein kvar tid som fungerer som keeper og kan ta ballen.

### **Andre sakar:**

Når elevane skulle fortelje om sakar dei hadde frå klassane, så kom blant anna temaveker fram. 4.steg sa at dei ønskjer seg temaveker klassevis. Dei nemna også at dei ville ha basketballar som var i mindre størrelse, og at dei ville få lov av lærarane sine og leika gøymsele på heile skulen (alle steg får ikkje dette, men nokon). 5.steg ønskjer seg ein blink til snøballkasting (eks. ein vegg, ein plate eller noko anna). Arrangerte leikar ute som arrangerast av elevråd og vaksne var også eit ønskje. 7.steg snakka om å innføra påskjønning/konkurransse når det gjaldt språkbruk. Klassen med minst dårleg språkbruk skulle få ein premie. Klinkekuler blei nemnd som noko ein kan bruke for å helde styr på kven som har minst dårleg språkbruk. Det var ein kollektiv meining frå heile gruppa om at språkbruken må betrast.